

# **Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss**

## **Hordaland Fylkeskommune**

Hordaland Fagskulestyre  
v/Styreleiar Roald Stenseide

Voss den 13.desember 2013

### ***Nedlegging av dagklassar ved Bergen Tekniske fagskule avd. Voss innan fordjuping anlegg***

Me kunne lesa i saksdokumenta til styremøte den 19.november 2014 (arkivsak 201112362-182 arkivnr. 522, saksbehandlar Adeline Landro) fyljande som argument for nedlegging av dagklassane på Voss.

#### Anlegg heiltid – studiestad Voss

Studiestaden Voss har tilbod innan anlegg både på heiltid og deltid. I skuleåret 2013/14 har dei totalt 32 studentar fordelt på tre trinn. For å få større og meir robuste klassar på Voss foreslår administrasjonen ved Opplæringsavdelinga å ikkje opprette anlegg på heiltid ved studiestaden Voss skuleåret 2014/15, men heller oppretta anlegg på nett frå fyrste året. Fram til no har nett-tilbodet ved Voss vore delt slik at studentane gjekk eitt og eit halvt år på Bergen tekniske og eitt og eit halvt år på Voss tekniske. Dette gjer at det er vanskeleg å marknadsføra tilbodet, då det ikkje er tydeleg for studentane kor dei skal studera. I tillegg vil studiestaden kunne få større og meir robuste klassar når det berre er eitt tilbod som går på Voss over tre år.

Nedlegging av dagklassar er grunngeve med at dei vil ha «større og meir robuste klassar». Det vert også nemnt at det er «vanskeleg å marknadsføra tilbodet».

Syner til rapportering frå DHB: Som syner søknader til VTF 2013. Som tabellen syner har Voss tekniske fagskule nest høgaste studenttal i Noreg innan bygg og anlegg med fordjuping anlegg. Sjå vedlegg 2 (mail frå inntakskontoret ved Bjarne Grefstad).

Me kan og nemna at det sto sju søkjarar på venteliste nett som ikkje vart tatt inn 2013.

All marknadsføringa av skulen har me stått for sjølve, med begrensa midlar.

*Alt dette syner at grunngevinga for styrevedtaket med nedlegging av dagklassane på Voss ikkje er rett..*

Ass.rektor Sveinung Hansen har laga eit oppsett over dei endringar i ressursar som dette vil medføra. Konklusjonen syner ein reduksjon av lærarkreftene på Voss tekniske fagskule.

Syner til vedlegg 3

Saksgangen ser ut til å ha oversett personalet sine demokratiske rettar. På møtet den 20.august på Voss med rektor Torbjørn Tvedt, avdelingsleiar Reidar Bøen ,vart me forsikra om at arbeidsplassane våre skulle framleis vera på Voss etter administrativ overflytting til Bergen tekniske fagskule. Syner til vedlegg 1.

*Dette samsvarar ikkje med retningslinjene for HFK sin politikk vedrørande forutsigbarheit for dei tilsette.*

# **Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss**

## **Hordaland Fylkeskommune**

Som det går fram av saksgangen i vedlegg 1 har ingen av oss fått uttala seg om nedlegginga før styremøtet den 19. november. Organisasjonane var ikkje informerte, og tilsettere representanten i styret har heller ikkje informert nokon av oss.

*Dette er heller ikkje tråd med retningslinjene i HFK sin personalpolitikk*

Det er stor aktivitet innan bygg og anlegg i vår region, derfor har me hatt god tilgang på studentar dei siste åra.

I næraste framtid kan me nemna E39, store skuleutbyggingar, jernbaneutbygging, E16 osv. som spennande anleggsområder.

Skulen har nært samarbeid med både lokale - og sentrale entreprenørar.

*Med bakgrunn i dette bør me heller styrka fagskuletilbodet på Voss. Me vil foreslå at all anleggsutdanning, både dag –og nettundervisninga vert flytta til Voss. Då er ikkje berre marknadsføringa løyst, men me vil også få «større og meir robuste klassar.» Dette vil styrka miljøet på Voss.*

*Konklusjon:*

*Med dette som bakgrunn ber me om at:*

- 1. Hordaland fagskulestyre handsamar saka på nytt.*
- 2. Før ei ny sak med tilsvarende følgjer vert teken opp, vert det tettare dialog med dei tilsette på Voss.*
- 3. Tilsettingstilhøva for lærarane på Voss vert avklara.*

Ivar Flatabø  
Fagansvarleg

Kopi: Fylesopplæringsdirektør Svein Heggheim, Rektor Torbjørn Tvedt, Rektor Line Skage, Rådgjevar Adeline Landro, Regionsleiar Hillevi Elizabeth Runshaug

Brevet vert og sendt som e-post.

4 vedlegg

# Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss

## Hordaland Fylkeskommune

Vedlegg 1

### **Prosesen slik eg, fagsansvarleg Ivar Flatabø ved Voss tekniske fagskule har opplevd den:**

- Etter 5. november: Skulen fekk innkalling til styremøte i Hordaland Fagskulestyre. Innkallinga var adressert til tidlegare rektor Odd Kløve
15. november: Eg fekk innkallinga.
- 16.november: Eg tok kontakt med Adeline Landro/Torbjørn Tvedt for å høyra om eg skulle møta på dette møtet. Det var ikkje aktuelt. Eg la derfor sakspapira vekk.
- 22.november: Skulen var kalla inn til på BTF vedr. gjennomgang av årsmeldinga til skulen. Eg møtte for skulen til dette møtet. Før møtet kom rektor Torbjørn Tvedt å lurte på om eg hadde sett at dagklassane på Voss ikkje skulle opprettast, men erstattast med fyrste året på nett. Han spurte og kor mange årsverk det er på Voss.( Han hadde tydleg vis ikkje sett på kva konsekvensar dette ville føre til.). Under møtet sende Ivar mail til rektor Line Skage og ass. rektor Sveinung Hansen og informerte om kva som hadde hendt.

### **Det hadde ikkje vore noko informasjon i forkant av dette.**

25. november: Eg informerte tillitsvald ved skulen Leif Johan Mandelid (UF). Han tok umiddelbart kontakt med hovudtillitsvalt og informerte om saka. Ass. rektor Sveinung Hansen laga eit rekneark for å syna konsekvensane av ei slik omlegging. Prosesen med tillitsvad gjekk vidare med korrespondanse.
28. november: Sveinung Hansen, Leif Johan Mandelid og eg hadde då eit møte der me gjekk igjennom både konsekvensar og vidare saksgang. I møtet tok me kontakt med Toralv Mikkelsen og informerte han. Det vart bestemt at han ville komma opp til skulen på eit møte måndag den 3. desember. Eg orienterte same dag lærarane på fagskulen.

## Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss

### Hordaland Fylkeskommune

2. desember: Møte med Toralv Mikkelsen. Fylgjande var tilstades i dette møtet: Sveinung Hansen , Leif Johan Mandelid(UF) og eg. Me orienterte kva som hadde skjedd og Toralv Mikkelsen gav uttrykk for at han heller ikkje var klar over dette. Sveinung hadde laga ei oversikt over konsekvensane for dette og kva det ville føra til for lærarane på Voss tekniske fagskule. Toralv Mikkelsen lova at han skulle ta dette opp med dei andre styremedlemmane i fagskulestyret dagen etter.
3. desember: Innkallinga til møtet på Voss mottok eg same dag frå Adeline Landro. Møtedato er 8. januar 2014, jfr. mail.Vedlegg 4
4. desember: Tilbakemelding frå Toralv Mikkelsen. Han hadde teke saka opp i 2 omgangar. Han orienterte samtlege politikarar i fagskulestyret om møtet på Voss. Han orienterte deretter Adeline Landro og styreleiar Roald Stenseide. Rektor ved BTF Torbjørn Tvedt vart deretter varsla om at politikarane i fagskulestyret ville ha ei orientering om saksgangangen og dialogen med miljøet på Voss. Det vart bestemt at dei involverte skulle møtast på Voss før styremøtet den 9.januar 2014.
5. desember: Toralv Mikkelsen ringjer og spør om eg har motteke melding frå han. Han meinte me burde forfatta eit brev til fagskulestyret der me legg fram saka slik at dette vert diskutert på møtet den 9. januar. Rektor Line Skage, Sveinung Hansen og eg hadde eit møte der me oppsummerte kva som hadde skjedd fram til no. Me vart einige om fylgjande:  
Rektor Line Skage ser på tilsettinga til lærarane ved fagskulen. Eg finn dato for møte der ein skal forfatta brev til styret. Dette møte vert på Bryn torsdag 12. desember. Fyljande møter der. Kai S. Hysing, Line Skage, Sveinung Hansen, Leif Johan Mandelid og eg.
- 12.desember: Opplæringsdirektør Svein Heggheim vart orientert om saka

# Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss

## Hordaland Fylkeskommune

Vedlegg 2

Tabellen viser inntak av studentar med fordjuping anlegg 2013

A	B	C	D	E	F	G	H
Fylke	Skolenr	Skolenavn	Kursnavn	Kurskode	Ant.søkere	Ant.inntatte	Kapasitet
			Anlegg (H)	FTB02H	14	9	15
	70021	Fagskolen Innlandet, Gjøvik	Anlegg (N)	FTB02N	22	16	20
Oppland	<b>Total</b>				<b>36</b>	<b>25</b>	<b>35</b>
			Anlegg (D)	FTB02D	2	2	10
			Anlegg (H)	FTB02H	14	12	30
	70025	Fagskolen Tinius Olsen	Anlegg (N)	FTB02N	4	4	30
Buskerud	<b>Total</b>				<b>20</b>	<b>18</b>	<b>70</b>
	70045	Fagskolen i Kristiansand	Anlegg (H)	FTB02H	14	7	10
Vest-Agder	<b>Total</b>				<b>14</b>	<b>7</b>	<b>10</b>
	70052	Fagskolen Rogaland, avd. Sots	Anlegg (H)	FTB02H	15	12	14
Rogaland	<b>Total</b>				<b>15</b>	<b>12</b>	<b>14</b>
			Anlegg (D)	FTB02D	2	1	5
			Anlegg (H)	FTB02H	13	10	20
	70056	Voss tekniske fagskule	Anlegg (N)	FTB02N	15	10	10
Hordaland	<b>Total</b>				<b>30</b>	<b>21</b>	<b>35</b>
	70069	Fagskolen i Ålesund	Anlegg (H)	FTB02H	5	4	10
Møre og Romsdal	<b>Total</b>				<b>5</b>	<b>4</b>	<b>10</b>
	70075	Stjørdal fagskole	Anlegg (H)	FTB02H	17	7	10
Nord-Trøndelag	<b>Total</b>				<b>17</b>	<b>7</b>	<b>10</b>
	70089	Fagskolen i Troms, avd. Breivika	Anlegg (N)	FTB02N	27	14	20
Troms	<b>Total</b>				<b>27</b>	<b>14</b>	<b>20</b>
<b>TOTALT</b>					<b>164</b>	<b>108</b>	<b>204</b>

# Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss

## Hordaland Fylkeskommune

Vedlegg 3

Ressursar/konsekvensar dersom ein gjennomfører vedtaket 19.november 2013

Klikk for i reknearket for å sjå heile arket

5*H		1 året Heiltid 13-14	
Summeringsfelt	U.timer	Tj.Timer	Ber.prosent
Total	54	966	203,65
VTF, BRJØR, Tegningsfors	2	56	11,49
VTF, GMO, F Organisasjor	5	56	11,49
VTF, TSL, FTR Norsk	1	84	17,23
VTF, MES, FT Engelsk	3	56	11,49
VTF, JAA, FT Anbud/kont	3	56	11,49
VTF, GMO, F Økonomisty	6	56	11,49

# Bergen Tekniske Fagskole avd. Voss

## Hordaland Fylkeskommune

Vedlegg 4

Hei,

Styreleder Roald Stenseide ønsker et møte med Bergen tekniske og studiested Voss om prosessen rundt ny fagskolestruktur.

Det er da mulighet for de som er ansatt ved studiested Voss, og organisasjonene, å møte med styreleder, rektor for BTF og sekretariatet.

Møtet er satt til **onsdag 8. januar kl. 10:15 – 12:15**

Det går et tog fra Bergen til Voss kl. 08:44 som er fremme kl. 09:58.

Det går et tog i retur kl. 12:39.

Håper tidspunktet passer.

Venleg helsing

**Adeline B. Landro**

Rådgjevar

Opplæringsavdelinga



Tlf: 55 23 93 57

[www.hordaland.no](http://www.hordaland.no)